



HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Førespurnad under nasjonal terskel
ved anskaffing av konsulenttenester:

Filmmelding for Vestlandet

Innleiing

1.1 Om oppdragsgjevaren og bakgrunn for anskaffinga.

Oppdragsgjevar Vestlandsrådet v/ Arbeidsutvalet. Vestlandsrådet er eit politisk samarbeidsråd for dei fire fylkeskommunane på vestlandet, Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

Vestlandsrådet fatta i 2012 vedtak om oppstart av arbeidet med ein vestnorsk filmmelding, som skal danne grunnlag for ein Vestnorsk filmstrategi (VR-sak 21/12). Arbeidsutvalet i Vestlandsrådet (heretter AU) vart gitt fullmakt til å vedta endeleg mandat og organisere arbeidet med utarbeiding av meldinga etter nærare spesifisert budsjett.

I nasjonal samanheng er Vestlandet det andre tyngdepunktet i norsk film. At Vestlandet har ein kraftfull filmbransje er såleis og grunnleggande for filmutviklinga i Noreg. Den sterke sentraliseringa på filmområdet er ei hovudutfordring for den regionale bransjen, og Vestlandsrådet etterlyser såleis ei meir offensiv haldning til korleis regional filmproduksjon kan styrkast. Som eit klart andre sentrum for filmproduksjon i Noreg, må Vestlandet sikrast innflytelse ved overføring av mynde og midlar. Nokre av desse er statlege, og drøftingar om desse må i så fall gjerast i forhold til sentrale mynde. Her vil eit samla Vestland kunna ha tilstrekkeleg tyngde.

På denne bakgrunn er det naudsynt at det vert gjort ein gjennomgang av dei statlege, regionale og kommunale filmpolitiske verkemiddel på Vestlandet, for mellom anna å få innspel til korleis desse verkemidla best kan innrettast og eventuelt styrkast. Dette kan danna grunnlaget for ein meir målretta og samla filmpolitikk til beste for ein sterk utvikling av filmmiljøet i heile regionen. Vidare kan det gje innspel til ei meir føremålstenleg innretting av den nasjonale filmpolitikken, i samsvar med regionale forventningar.

1.2 Føremålet med og omfanget av anskaffinga

Oppdraget er eit teneste/konsulentoppdrag som gjeld gjennomføringa/utarbeidinga av filmmelding for Vestlandet. Oppdragstakar skal – i samarbeid med prosjektorgana – ha fagleg ansvar for førebuing og utarbeiding av eit utkast til filmmelding for Vestlandet. I AU sitt vedtekne mandat for arbeidet heter det:

«Hovudmålsettinga for arbeidet må vera å styrka filmfeltet på Vestlandet så vel kunstnarisk som bransjemessig. Det skal vera fleire filmkunstnarar og filmarbeidarar som har sitt verke på Vestlandet, og Vestnorsk filmproduksjon og formidling skal vere bærekraftig og av høg kvalitet.

Arbeidet skal gjennomgå filmpolitiske verkemiddel og legge fram forslag til forbetringar og eventuelt nye verkemiddel, med utgangspunkt i dagens verkemiddelaktørar Filmkraft, Filmfondet Fuzz AS og Vestnorsk filmsenter. Målet med meldinga er å styrke arbeidet med film på Vestlandet gjennom eit utvida samarbeid.

Vidare må ein i arbeidet sjå på suksesskriteria som:

- *Tal på produksjonar med Vestlandet som opptaksstad (location)*
- *Tal på produksjonar med manusforfattarar, regissørar og produsentar frå Vestlandet*

- *Auke i tal på debutantar innan filmfeltet på Vestlandet (rekruttering)*
- *Indikatorar på kvalitetsheving av film frå Vestlandet*
- *Kvalitet og omfang av formidling av film på Vestlandet*
- *Verksemda til filmestivalar*
- *Tal på filmarbeidarar, produksjonsselskap og omsetnad på Vestlandet*
- *Indikatorar for næringspolitiske ringverknader (reiseliv, leverandørar, tilflytting m.v.)*
- *Rolla til utdanningsinstitusjonar/utdanningsfeltet innan vidaregåande og høgare utdanning.*

Under arbeidet må ein rådføre seg med relevante næringar, scenekunst- og forfattarmiljø, utdanningsinstitusjonar, TV-kanalar, visningsstader, offentlege organ m.v. Det må vidare takast omsyn til eksisterande filmpolitiske dokument og føringar og pågåande arbeid frå Kulturdepartementet.»

Anskaffinga har ein økonomisk ramme på inntil kr. 250.000. Det er i tillegg sett av kr. 50.000 til å gjennomføre møter og samlingar.

Målsettinga er at filmmeldinga skal verte handsama av Vestlandsrådet i januar 2014. Oppdraget må seinast vera gjennomført innan 01.11.2013.

1.3 Organisering av prosjektet

Styringsgruppe

AU vil vere styringsgruppe for arbeidet med filmmeldinga/strategien med overordna ansvar for gjennomføringa av prosjektet.

Arbeidsgruppe

Det vert etablert ei arbeidsgruppe som møtast jamnleg i prosjektperioden og som drøftar utkast av meldinga og kjem med innspel til oppdragstakar. Arbeidsgruppa vil bestå av særskilt viktige aktørar for utarbeidinga av meldinga: Representantar frå dei fire vestlandsfylka, som dekker både kultur- og næringsfeltet innan film. Representantar frå Stavanger og Bergen kommune. Representantar frå Filmkraft, Fuzz AS og Vestnorsk filmsenter. Ekstern konsulent leiar møtet.

Samlingar

For å få innspel frå filmbransjen skal det arrangerast 1 til 2 workshops, der ein samlar næringa kring nokre viktige tema/strategiar/mål. Aktuelle deltakarar er til dømes ulike filmorganisasjonar, produksjonsselskap og utdanningsinstitusjonar. Det bør òg samarbeidast med relevante forskings- og utdanningsinstitusjonar. Oppdragstakar vil vera ordstyrar og ha hand om organiseringa av møter og samlingar i samråd med arbeids- og styringsgruppa.

1.4 Møte/framdriftsplan

Au har vedteke møte/framdriftsplan. Det inngår i oppdraget å vurdere korleis gjennomføringa av arbeidet bør organiserast, deriblant om framdrifts/møteplanen er tenleg. Oppdragstakar vil i samråd med styrings/arbeidsgruppa gjere naudsynte avklaringar.

Møte 1. (mars):	Møte i arbeidsgruppa. Avklaringar. Planlegging av første workshops.
Møte 2. (mars/april):	workshop/innspelskonferanse. Det er tenleg med tidleg inkludering av filmbransjen (eigarskap til arbeidet). Ope møte.
Møte 3. (april/mai):	Møte i arbeidsgruppa – drøfte det som er gjort/eventuelle endringer
Møte 4. (august):	Workshop. Samling med filmbransjen med noko mindre omfang. Utvalgte deltakarar, fortrinnsvis organisasjonane og institusjonane.
Møte 5. (september):	Møte i arbeidsgruppa: Vurdere utkast.
Møte 6. (november):	Møte i arbeidsgruppa. Vurdere endeleg utkast.
Desember:	Handsaming i styringsgruppa (AU).
Januar 2014:	Handsaming i Vestlandsrådet.

Gjennomføring av konkurransen

2.1 Språk

All skriftleg og munnleg kommunikasjon i samband med denne konkurransen skal gå føre seg på norsk.

2.1 Konkurransesform

Anskaffinga skal gjennomførast i samsvar med lov om offentlege anskaffingar og tilhøyrande forskrift om offentlege anskaffingar (FOA) del I.

2.2 Innsyn i dokument

Ålmenta har rett til innsyn i tilbod og protokoll etter at tilbydar er valt – sjå lov 19. mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i dokument i offentlig verksemd (offentleglova) § 23 tredje avsnitt, jf. forskrift av 7. april 2006 nr. 402 om offentlege anskaffingar (FOA) § 3-5. Oppdragsgjevaren er pålagt å følgja prinsippet om meirinnsyn, jf. offentliglova § 11.

I tilbodet må det gå klart fram kva opplysningar tilbydaren meiner er omfatta av teieplikt etter FOA § 3-6, eller som av andre grunnar skal vera unnatekne frå innsyn. Oppdragsgjevaren gjer merksam på at informasjon frå tilbydaren berre er rettleiande, då oppdragsgjevaren pliktar å gjere ei sjølvstendig vurdering av krav om innsyn opp mot lovverket, jf. offentliglova.

1. Krav til tilbodet

3.1 Tilbodet:

Tilbodet skal organiserast som følgjande:

1. Underteikna tilbod
2. HMT-eigenfråsegn (bruk gjerne den vedlagde malen)
3. Skatteattest for mva. og skatteattest for skatt, ikkje eldre enn 6 månader frå frist for innlevering av tilbod.

3.2 Frist for å levera tilbod

Tilbodet må vera oss i hende seinast torsdag 07.03.2013, kl. 12:00

Tilbodet skal sendast eller leverast til:

Hordaland fylkeskommune
Kultur- og idrettsavdelinga
Adresse Agnes Mowinckels gate 5
PB 7900
5020 Bergen

Tilbodet kan òg leverast per e-post til: Ronny.Skaar@hfk.no

Brev eller e-post må merkjast tydeleg: Filmmelding for Vestlandet

3.3 Frist for å stå ved tilbodet

Tilbydaren må stå ved tilbodet i minimum 14 dagar frå dato for utløpet av fristen for å levera tilbod, jfr. pkt. 3.2.

3.4. Fastpris

Alle tilbydarane må prise tilbodet med fastpris inkl mva.

2. Avgjersla

4.1 Tildelingskriteria

Arten av anskaffinga gjer at vi ikkje har funne det teneleg å oppgje ei eksakt prosentvis veking av relevante tildelingskriterium. Avgjerda vert teken etter ei samla vurdering der søkar sine føresetnader for å gjennomføre oppdraget, som til dømes kvalifikasjonar og erfaring knytt til filmfeltet, kunnskap om planprosessar/prosjektarbeid og naudsynt tid/kapasitet vert tillagt størst vekt. Vi ber difor om at tilbydar informerer om eige bakgrunn/erfaring og kapasitet i tilbodet.

I tillegg vil det bli lagt vesentleg vekt på kva tilbod som er økonomisk best for oppdragstakar.

4.2 Type kontrakt

Kontrakten vil byggja på det vedlagte utkastet til kontrakt. Vi legg til grunn at tilbydarane ved innlevering av tilbod aksepterer dei vedlagte vilkåra for kontrakt. Det kan ikkje takast vesentlege atterhald.

4.3 Vidare arbeid

Etter at fristen for å levera tilbod er ute, blir tilboda vurderte og tilbakemelding gjeve til alle tilbydarane.

3. Vedlegg

Vedlegg 1: Mal for HMT-erklæring

Vedlegg 2: Kontrakt

HMT-eigenerklæring

Denne stadfestinga gjeld:

Firma

Adresse

Postnr./-stad

Land*

Vi stadfestar med dette at vår verksemd arbeidar systematisk for å oppfylle krava i helse-, miljø- og tryggleikslvgjeving og med det oppfyller krava i forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemda (internkontrollforskrifta), fastsett ved kgl. res. 6. desember 1996 i medhald av lov 17. juni 2005 nr. 62 om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv.

Vi stadfestar at verksemda er lovleg organisert i samsvar med gjeldande skatte- og arbeidsmiljøregelverk når det gjeld dei faglege og sosiale rettane til dei tilsette. Vi aksepterer at oppdragsgjevaren etter oppmoding vil bli gjeven rett til å gjennomgå og verifisera verksemda sitt system for ivaretaking av helse, miljø og tryggleik.

Dagleg leiar (sign.)

Dato:

Vi stadfestar med dette at det er **sett i verk** systematiske tiltak for å oppfylle dei ovannemnde krava i helse-, miljø- og tryggleikslvgjevinga.

Representant for dei tilsette (sign.)

Dato:



Alminnelege innkjøpsvilkår for tenester

1 Bruk

- 1.1 Disse alminnelege innkjøpsvilkåra gjeld for kjøp av tenester til Hordaland fylkeskommune.
- 1.2 Leverandøren er den adressaten som bestillinga er stila til og/eller det er inngått avtale med.
- 1.3 Eventuelle avvikande kontrakts-/leveringsvilkår er utan verknad for leveransen med mindre oppdragsgjevaren skriftleg har godteke dei.
- 1.4 Dei alminnelege føresegnene i lov om kjøp av 13. mai 1988 nr. 27 (kjøpslova) gjeld så langt anna ikkje er avtalt.

2 Pris og betalingsvilkår

- 2.1 Prisen skal vere avtalt på førehand mellom partane. Prisen inkluderer alle kostnader. Prisen skal vere avtalt eksklusive meirverdiavgift.
- 2.2 Fakturering skal skje etterskotsvis med betaling per 30 dagar. Betalingsfristen startar ikkje å løpa før levering har skjedd og godkjend faktura er motteken.
- 2.3 Godkjend faktura skal vere spesifisert slik at oppdragsgjevaren kan kontrollere at det som er fakturert, er levert i samsvar med kontrakten. Det blir ikkje akseptert fakturagebyr, purregebyr eller andre gebyr. For fakturering etter tidsbruk skal tidsbruken spesifiserast.
- 2.4 Ved forseinka betaling kan leverandøren krevje forseinkingsrenter i samsvar med lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling mv.
- 2.5 Leverandøren kan ikkje overdra fakturaer til tredjemann for innkrevjing utan samtykke frå oppdragsgjevaren på førehand.

3 Levering

- 3.1 Levering blir rekna som utført når tenesteytinga er gjennomført i samsvar med det som er avtalt, og oppdragsgjevaren har godkjent leveransen.
- 3.2 Dersom tenesteytinga består av utgreiings- eller utviklingsoppdrag, reknar ein leveringa som utført først når aktuelle dokument o.l. er overleverte, og oppdragsgjevaren har godkjent dei.

4 Risikoovergang

Risikoen går over frå leverandøren til oppdragsgjevaren ved levering.

5 Leverandøren sine kontraktsplikter

- 5.1 Alminnelege plikter
 - 5.1.1 Tenesteytinga skal gjennomførast etter avtalen og skal utførast profesjonelt, effektivt og med høg fagleg standard.
 - 5.1.2 Leverandøren skal samarbeide lojalt med oppdragsgjevaren og ivareta oppdragsgjevaren sine interesser.
- 5.2 Tenesteytinga sine eigenskapar
 - 5.2.1 Leverandøren skal utføre tenesteytingar i samsvar med kontrakten. Tenesteytinga skal elles vere eigna for det tiltenkte formålet.
 - 5.2.2 Leverandøren er ansvarleg for at utføringa av tenesteytinga skjer i samsvar med gjeldande lovgiving og i samsvar med relevant bransjeregulering og eventuelle andre reglar som kan ha innverknad på utføringa av tenesteytinga. Leverandøren skal innhente og vidareføre alle nødvendige løyve for utføring av tenesteytingar og på oppmoding frå oppdragsgjevaren leggje fram dokumentasjon på at nødvendige løyve finst.

5.3 Garanti

- 5.3.1 Leverandøren tek på seg ansvar for feil og manglar som måtte bli påviste i dei første 24 månadene etter levering. For deloppdrag reknar ein fristen frå heile tenesteytinga er levert. Garantitida skal likevel ikkje vere kortare enn alminneleg praksis for den aktuelle bransjen. Leverandøren skal i garantitida snarast råd og for eiga rekning rette feil og manglar ved leveransen, slik at han er utan feil og manglar av noko slag.
- 5.3.2 Føresegna her avgrensar ikkje retten oppdragsgjevaren har til å fremje alminnelege mangelsanksjonar.

5.4 Overføring av rettar, rettsmanglar

- 5.4.1 Eigedomssrett, opphavsrett og andre relevante materielle og immaterielle rettar til tenesteytinga tilkjem oppdragsgjevaren når betaling har skjedd, med mindre anna er skriftleg avtalt, og med dei avgrensingar som følgjer av annan avtale eller ufråvikeleg lov.
- 5.4.2 Leverandøren skal levere varene frie for tredjemannskrav som ikkje er omtalte i avtalen, og skal halde oppdragsgjevaren skadefri for alle former for tredjemannskrav.
- 5.4.3 Leverandøren har rettane til eigne verkøy og metodegrunnlag. Begge partane kan òg utnytte generell kunnskap (*knowhow*) som ikkje er underlagd teieplikt, og som dei har tileigna seg i samband med tenesteytinga.

5.5 Overføring av dokument

Der tenesteytinga er representert ved dokument, skal desse dokumenta leverast saman med tenesteytinga.

5.6 Underleverandørar

Med mindre anna er avtalt mellom partane, kan leverandøren nytte underleverandørar til å oppfylle pliktene sine etter kontrakten. Leverandøren er likevel ansvarleg for å oppfylle heile leveransen. Oppdragsgjevaren har rett til å underkjenne valet av underleverandør dersom det er sakleg grunn til det.

5.7 Forsikringar

Leverandør har ansvar for aktuelle forsikringar fram til risikoen går over på oppdragsgjevaren.

5.8 Varslingsplikt

Blir leverandøren hindra i å oppfylle pliktene sine til rett tid, skal han utan ugrunna opphald melde frå til oppdragsgjevaren om hindringa og kva følgjer det får. Leverandøren skal kunne dokumentere når og korleis slik melding blei gjeven.

6 Oppdragsgjevaren sine sanksjoner ved misleghald

6.1 Reklamasjonsperiode

- 6.1.1 Dersom oppdragsgjevaren ønskjer å gjere gjeldande misleghaldsverknader, må han gi skriftleg melding til leverandøren om mangelen innan rimeleg tid etter at han oppdaga eller burde ha oppdaga han.



- 6.1.2 Reklamerer ikkje oppdragsgjeveren innan tre – 3 – år etter levering, kan han ikkje seinare gjere mangelen gjeldande. Det gjeld ikkje dersom leverandøren ved garanti eller annan avtale har teke på seg ansvar for manglar i lengre tid.
- 6.1.3 Oppdragsgjeveren kan uansett gjere mangelen gjeldande dersom leverandøren har opptreidd forsettleg, grovt aktaust eller i strid med ærleg framferd og god tru.
- 6.2 Brot på varslingsplikta
Dersom oppdragsgjeveren ikkje får slikt varsel som bestemt i pkt. 5.8 innan rimeleg tid etter at leverandøren fekk eller burde ha fått kjennskap til hindringa, kan han krevje erstatta tap som kunne vore unngått om han hadde fått meldinga i tide.
- 6.3 Tilbakehalding av betaling
Har oppdragsgjeveren krav som følgje av misleghald frå leverandørens side, kan han halde tilbake så mykje av vederlaget som misleghaldet utgjer av det samla vederlaget.
- 6.4 Dagbot
- 6.4.1 Dersom leverandøren ikkje held fristar som avtalt, ligg det føre forseinking, som gir grunnlag for dagbot. Ved forseinking begynner dagbot å gå automatisk.
- 6.4.2 Dagbota utgjer 1 prosent av vederlaget for den delen av leveransen som blir påverka av forseinkinga, per kvardag forseinkinga varer, avgrensa til tjue – 20 – kvardagar. Dagbota utgjer uansett minimum 1000 kroner per kvardag.
- 6.4.3 Så lenge dagbota går, kan oppdragsgjeveren ikkje heve avtalen. Det gjeld ikkje dersom leverandøren eller nokon han svarer for, har opptreidd forsettleg, grovt aktaust eller i strid med ærleg framferd og god tru.
- 6.4.4 Dersom dagbota ikkje dekkjer oppdragsgjeverens dokumenterte direkte tap som følgje av forseinkinga, kan oppdragsgjeveren søkje erstatning for det overskytande beløpet.
- 6.5 Dekningskjøp ved heving
Ved heving har oppdragsgjeveren rett til å gjennomføre dekningskjøp på rimeleg måte og innan rimeleg tid etter hevinga. Oppdragsgjeveren har ved krav om erstatning rett på differansen mellom kontraktsprisen og prisen på dekningstransaksjonen.
- 6.6 Andre sanksjonar ved misleghald
Andre sanksjonar ved misleghald følgjer av dei alminnelege reglane i lov om kjøp av 13. mai 1988 nr. 27 (kjøpslova).
- 7 Oppdragsgjeveren sine kontraktsplikter**
- 7.1 Generelle plikter
Oppdragsgjeveren skal lojalt medverke til at kontrakten blir gjennomført.
- 7.2 Varslingsplikt
Blir oppdragsgjeveren hindra i å oppfylle pliktene sine til rett tid, skal han utan ugrunna opphald gi melding til leverandøren om hindringa og kva følgjer det får. Oppdragsgjeveren skal kunne dokumentere når og korleis slikt melding blei gitt.
- 8 Leverandøren sine sanksjonar ved misleghald**
- 8.1 Brot på varslingsplikta
Dersom leverandøren ikkje får slikt varsel som bestemt i pkt. 7.2 innan rimeleg tid etter at oppdragsgjeveren fekk eller burde ha fått kjennskap til hindringa, kan han krevje erstatta tap som kunne vore unngått om han hadde fått meldinga i tide.
- 8.2 Leverandøren sin tilbakehaldsrett
Leverandøren kan ikkje halde tilbake ytingar som følgje av misleghald frå oppdragsgjeveren si side. Dette gjeld likevel ikkje dersom misleghaldet er vesentleg.
- 8.3 Andre misleghaldsverknader
Andre misleghaldsverknader følgjer av dei alminnelege reglane i lov om kjøp av 13. mai 1988 nr. 27 (kjøpslova).
- 9 Fritak frå kontraktsplikter (force majeure)**
- 9.1 Partane kan få fritak frå sine kontraktsplikter etter denne kontrakten i tilfelle der det inntreff hindring utanfor partane sin kontroll som ein ikkje med rimeleg skjønn kunne vente at han skulle ha teke omsyn til på avtaletida, eller skulle ha unngått eller ha overvunne følgjene av i relasjon til oppfyltinga av ein eller fleire kontraktsplikter.
- 9.2 Fritak frå kontraktsplikter set som vilkår at den råka parten utan ugrunna opphald gir den andre parten melding om hindringa, og at pliktene difor ikkje gjeld.
- 9.3 Fritaket frå kontraktsplikter for den råka parten gjeld så lenge den ekstraordinære situasjonen varer.
- 10 Overføring av rettar og plikter**
Overføring av kontrakten – eller delar av han – kan berre finne stad etter skriftleg samtykke frå oppdragsgjeveren. Dersom leverandøren fusjonerer eller fisjonerer, har oppdragsgjeveren rett til å heve kontrakten med det same.
- 11 Endring, stansing og avbestilling**
- 11.1 Dersom oppdragsgjeveren etter at kontrakten er inngått, har behov for å endre krava til yting eller andre føresetnader for avtalen på ein slik måte at tenesteytingas karakter eller omfang blir annleis enn avtalt, kan oppdragsgjeveren be om endringsavtale.
- Ved krav om endringar kan leverandøren krevje justeringar i vederlag eller tidsplanar dersom han sannsynleggjer eit grunnlag for slike justeringar. Krav om justert vederlag eller tidsplan må setjast fram seinast samtidig med at leverandøren svarer på oppmodinga frå kjøparen om endringsavtale.
- Oppdragsgjeveren kan krevje at tenesteytinga blir redusert eller auka inntil tilsvarande 20 prosent av vederlaget for heile tenesteytinga. Prisen skal i så fall endrast i tråd med reduksjonen eller auken. Leverandøren kan ikkje krevje kompensasjon for slikt eventuell reduksjon.
- Er partane ueinige om beløpet som skal leggjast til eller trekkjast frå vederlaget, eller andre konsekvensar som følgje av endringa, skal leverandøren likevel setje i verk endringa utan å vente på endeleg løysing av tvisten.
- 11.2 Oppdragsgjeveren kan krevje at gjennomføringa av tenesteytinga blir stansa mellombels. Kravet skal setjast fram skriftleg. Det skal opplysast når

tenesteytinga skal stansast, og når ho er planlagt teken opp att.

Ved mellombels stans skal oppdragsgjevaren erstatte følgjande:

- a) Leverandørens dokumenterte kostnader knytte til omdisponering av personell
- b) Andre direkte kostnader som leverandøren blir påført som følgje av stansinga

11.3 Oppdragsgjevaren kan avbestille tenesteytinga med tretti – 30 – dagars skriftleg varsel. Reduksjon av tenesteytinga på inntil 20 prosent av vederlaget for heile tenesteytinga blir rekna som endring og ikkje avbestilling.

Ved avbestilling før tenesteytinga er fullført, skal oppdragsgjevaren betale følgjande:

- a) Det beløpet leverandøren har til gode for allereie utført arbeid
- b) Leverandørens dokumenterte kostnader knytte til omdisponering av personell
- c) Andre direkte kostnader som leverandøren blir påført som følgje av avbestillinga

12 Reklame

Leverandøren må innhente førehandsgodkjenning frå oppdragsgjevaren dersom han for reklameformål eller på annan måte ønskjer å gi offentlegheita informasjon om kontrakten ut over å oppgi leveransen som generell referanse.

13 Tvistar

Dersom det oppstår tvist om tolkingar eller rettsverknad av vilkåra, skal det søkjast løyst ved forhandlingar. Fører forhandlingane ikkje fram innan avtalt tid, seinast innan fire veker etter det første forhandlingsmøtet, skal dei ordinære domstolane avgjere tvisten. Rettskretsen til oppdragsgjevaren er verneting. Tvistar som gjeld kontraktsinngåing, -oppfylling og/eller -tolking, skal avgjerast etter norsk rett.

